



## Referat frå Årsmøtet i Breivika Båthavn 6. februar 2014.

Det var sendt ut innkalling og årsmøtedokument etter gjeldande tidsfristar både på e-post og som vanleg brevpost.

Årsmøtet starta i klubbhuset kl 18:00 og 16 medlemmer møtte.

### **1. Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Styreleiar Kjell-Atle Reksten ønska velkommen til årsmøtet og ba om eventuelle merknader til innkalling og sakliste. Innkalling og sakliste samrøystes godkjend.

### **2. Valg av møteleiar.**

Styreleiar la fram framlegg om Einar Jacobsen som møteleiar. Einar blei samrøystes vald.

### **3. Valg av referent.**

Møteleiar la fram framlegg om Stein Malkenes som referent. Samrøystes.

### **4. Valg av to medlemmer til å skrive under årsmøteprotokollen.**

Det blei gjort framlegg om Egil Strømmen og Per Arne Solheim til å skrive under årsmøteprotokollen. Samrøystes.

### **5. Årsmelding 2013.**

Styreleiar fekk ordet og gjekk gjennom årsmeldinga for 2013 slik denne var sendt ut. Nokre kommentarar blei gjevne før årsmeldinga for 2013 blei vedteken samrøystes.

### **6. Rekneskap 2013.**

Kasserar gjekk gjennom rekneskapen og revisjonsmeldinga blei utdelt. Kasserar refererte styrets tilråding om at det settast av kr. 138 000,- i fond til dekking av framtidige investeringar. Rekneskapen for 2013 blei deretter samrøystes vedteke.

### **7. Utleigeprisar.**

Kasserar orienterte om prisjusteringane for utleigepllassar. Samrøystes vedteke.

### **8. Pris på båtplassane. Indeksregulering.**

Kasserar orienterte om prisjusteringane for båtplassane. Samrøystes vedteke.

### **9. Budsjett for 2014.**

Kasserar orienterte. Budsjettet for 2014 blei deretter samrøystes vedteke.

### **10. Saker frå styret.**

Styret hadde i årsmøteinnkallinga satt opp fire saker for framlegging til handsaming på årsmøtet. Den største av sakene var ferdigstilling av moloanlegg. Førebuingane til denne saka var ikkje fullført då årsmøtepapira blei sendt ut, men oppdatert informasjon og økonomiplan blei delt ut på årsmøtet. Med dette som bakgrunn, og for å få ei best mogleg heilsakapleg handsaming av denne store saka, var det semje om å endre noko på



rekkefølga av dei framlagde sakene frå styret, samt dei resterande sakene på dagsorden, saksnummer 11 og 12.

## 10.2 Rutiner for slipping

Saka blei lagt fram av materialforvaltar John Reksten. Saka blei drøfta og ulike spørsmål avklara. Saka blei deretter samrøystes vedteken. Som konsekvens av vedtaket var det lagt fram framlegg om justering av vedtektenes § 4.14. Vedtektsjusteringane blei samrøystes vedteke.

## 10.3 Gebyr for deltaking på leigepllasslista

Kasserar orienterte og saka blei samrøystes vedteken.

## 11. Innkomne framlegg

Det var kome inn eit framlegg om betring av tilkomst til slippane med båtvogner. Framlegget var sendt inn frå Rune Andreas Eick og vedlagt årsmøtepapira. Rune orienterte om sitt framlegg og dette blei grundig drøfta. Det kom fram ei rekke konstruktive innspel, mellom anna at det truleg er nok med 3 meter breidde frå ny støypekant til vestre slippvogn (jfr. innsendt skisse). Vedtak: Årsmøtet går inn for prosjektet. Vedteke mot ei røyst.

## 12. Vedtektsendringar.

Skrivar Stein Malkenes orienterte om saka der hovudinnhaldet var å slå saman materialforvaltarvervet og bryggesjefsvervet til eit nytt verv, nemleg bryggesjef. I tillegg hadde styret foreslått å innføre eit nytt verv som bryggesjefsassistent, slik at det no blir to assistenter. Dette for å gjøre styret og verva meir effektive i høve dei arbeidsoppgaver som skal løysast. Saka blei deretter grundig drøfta og det blei tilkjennegitt ulike synspunkt. Etter denne drøftingsrunden blei saka samrøystes vedteken, slik at det nye styret får fire medlemmer og at det i tillegg blir vald to bryggesjefsassistentar. Som konsekvens av denne justeringa av styret og bryggesjefsassistentar blei det så føreteke justering av vedtektenes §§ 1 og 3. Samrøystes.

## 10.1 og 10.4. Ferdigstilling av moloanlegg.

Desse to sakene hang saman og for å få heilskapen orienterte styreleiar først om bakgrunn og historikk i saka, formelt sett som sak 10.4 (*Orienteringssak - Avklaringar og vidare arbeid på "moloøy"*). Under orienteringa kom det fram ulike vurderingar og innspel frå årsmøtelyden.

Årsmøtet gjekk deretter vidare med sak 10.1 (*Fullføring av moloanlegg*). Kasserar la fram styrets oppdaterte økonomiplan for anlegget og orienterte om denne, inkludert dei føresetnadane som låg til grunn og dei økonomiske konsekvensane ei gjennomføring vil få for kvart einskild medlem og for havna som sådan.

Florø Hamn AS vil gje fyllmassar til ein verdi av 1,5 millionar kroner vederlagsfritt og levert direkte til moloanlegget. Med dette som utgangspunkt er framlegget frå styret at det takast opp lån på inntil 1 million kroner og at medlemmene fullfinansierer anlegget med eigeninnbetaling av beløp utrekna etter fordelingsnøkkel for kvar båtplass sin storleik, slik som vist i framlagt finansieringsplan. Denne modellen vil då sikre medlemmene ei trygg havn, vere ei rimeleg investering og auke verdien av havneanlegget og av kvar einskild båtplass. Ferdigstilling av moloanlegget blei grundig drøfta og deretter blei det samrøystes vedteke å gjennomføre tiltaket.

Som andre punkt i saka gjekk kasserar grundig gjennom detaljane i dei formelle sidene av eit låneopptak. Kasserar las opp og forklarte dei fire punkta som styret hadde lagt



fram for årsmøtet og desse blei drøfta. Til slutt gjorde årsmøtet følgande samrøystes vedtak:

1. For oppbygging av molo, gjenfylling mellom moloøy og land og heving av brystvern på moloøy, vedtar årsmøtet i Breivika båthavn eit låneopptak med finansieringsramme inntil kroner 1 000 000,- og eventuell pantsetting av løsøyre/driftstilbehør, fordringar og eventuelle rettigheter i fast eigedom som sikkerheit for lånet.
2. Styret får fullmakt til å innhente lånetilbod, og akseptere vilkåra i dette, og til å signere lånedokument og pantedokument.
3. Styret får fullmakt til å fakturere kvart medlem kroner 1 235,- per meter breidde båtplass medlemen eig. Dette vil utgjere delfinansiering av molo på til saman kroner 500 000,-.
4. Når sluttsummen på den totale investeringa foreligg, vil kvart medlem få verdiauke på båtplassen i høve breiddemeter. Tabellen på side 2 i finansieringsmodellen framlagt på årsmøtet, gjeld om totalkostnaden blir 1,5 millionar kroner. Dersom kostnadsbildet endrar seg i høve dei stipulerte kr. 1,5 millionar, vil verdifastsettingar endrast tilsvarende.

### 13. Ymse

Det var ikkje meldt inn saker under dette punktet, men det blei oppmoda om å ta i bruk det nye klubbhuset og mellom anna lage det til ein uformell samlingsstad for medlemmene.

### 14. Valg

Valgnemnda ved Rune orienterte og la fram nemndas innstilling:

Bryggesjef:	John Reksten (ny).	Samrøystes.
Kasserar:	Einar Jacobsen (attval).	Samrøystes
Skrivar:	Stein Malkenes (attval).	Samrøystes
Bryggesjefsassistent nr. 2:	Dag Johannessen (ny).	Samrøystes

Årsmøtelyden gav honnør til styrets arbeid, noko styret sette pris på. Styreleiar takka for dette, for frammøte og eit godt årsmøte.

Møtet slutt kl 19:40/sm

Årsmøtereferatet er gjennomgått og godkjend:

Florø, 11. februar 2014.

Egil Strømmen

Per Arne Solheim